

Miljødirektoratet
Postboks 5672 Sluppen
7485 TRONDHEIM

Vår ref.: 2017/18

Dykkar ref.: 2017/1018

Dato: 21.3.2017

Genmodifisert sprøytemiddelresistent mais MON 87708 x MON 89788 x A5547-127 til import, prosessering, mat og fôr

Bioteknologirådet har motteke brevet frå Miljødirektoratet datert 6.2.2017, som gjeld søknad EFSA-GMO-NL-2016-135 om godkjenning av den genmodifiserte maisen MON 87708 x MON 89788 x A5547-127 under mat- og fôrforordninga i EU. Miljødirektoratet har bedt Bioteknologirådet om ei vurdering av søknaden og om spørsmål som gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk som eventuelt kan stillast til søkjaren.

Maisen er ein krysning av tre genmodifiserte maissortar og er resistent mot sprøytemiddel med glyfosat, glufosinat-ammonium og dicamba.

Etter genteknologiloven skal ein GMO ikkje skade helse og miljø for å bli godkjend i Noreg. Det skal òg leggjast vesentleg vekt på om GMO-en er samfunnsnyttig, etisk forsvarleg og bidreg til berekraftig utvikling, og Bioteknologirådet har eit særleg ansvar for å vurdere dette. Fordi berekraft skal vurderast langsiktig og globalt, er tilhøva i produksjonslanda òg relevante.

Eit samrøystes Bioteknologiråd meiner at det ikkje samsvarer med vurderingskriteria berekraft og etikk å godkjenne genmodifiserte plantar som er resistente mot sprøytemiddel med det helse- og miljøfarlege verkestoffet glufosinat-ammonium. Å stille fleire spørsmål til søkjaren no vil ikkje gi avgjerande ny informasjon.

Bioteknologirådet rår til at Noreg forbyr maissorten MON 87708 x MON 89788 x A5547-127 til import, prosessering, mat og fôr.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Ole Johan Borge
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi: Klima- og miljødepartementet